



# Innkalling av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 08.06.2020  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12.00 - 15.30

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## **Merknader:**

-På grunn av smittevernomsyn må dei som ønskjer å vera tilhøyrarar melda frå til politisk sekretariat på førehand,

-Saka "Planstrategi for Vestland fylke - Høyring", vert ettersendt.

## **Sakliste**

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>  |
|--------------|--|
| 021/20       | Godkjenning av innkalling og sakliste                            |
| 022/20       | Godkjenning av møteprotokoll - 27.04.2020                        |
| 023/20       | Akson: Felles kommunal journal og heilskapleg samhandling        |
| 024/20       | Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring |
| 025/20       | Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024                 |
| 026/20       | Meldingar og orienteringar til RMNF - 08.06.2020                 |

29. mai 2020

Magne Bjørndal  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:**

**JournalpostID:**

**Saksbehandlar:**

**Dato:** 29.05.2020

Saksframlegg

| <b>Saksnr.</b> | <b>Utvalg</b>                              | <b>Møtedato</b> |
|----------------|--|-----------------|
| 021/20         | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 08.06.2020      |

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:**

**JournalpostID:**

**Saksbehandlar:**

**Dato:** 19.05.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg                                     | Møtedato   |
|---------|--|------------|
| 022/20  | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 08.06.2020 |

**Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Vedlegg i saken:**

28.04.2020      Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 27.04.2020

1378739



## Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 27.04.2020  
**Møtestad:** Teams-møte  
**Møtetid:** 12.00 - 14.50

Merknader:

Felles orienteringar for RMNF og Eldrerådet kl. 12.00 til 13.40  
kl.13.45 starta ordinært møte

| Frammøtte medlemmer       | Parti | Rolle       |
|---------------------------|-------|-------------|
| Sølvi Gripsgård Knudsen   | SP    | Medlem      |
| Else Marie Skartveit Dale | KRF   | Medlem      |
| Reidar Knutsen            | SAFO  | Nestleiar   |
| Svein Arne Vabø           | SAFO  | Medlem      |
| Liv Erstad                | FFO   | Medlem      |
| Magne Bjørndal            | FFO   | Utvalsleiar |
| Bente Orlen Westervik     | FFO   | Medlem      |
| Jannicke Helland          | FFO   | Medlem      |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle      |
|---------------------------|-------|------------|
| Konrad Risnes             | SAFO  | Settmedlem |

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anita Bjørsvik Kvamme-avd.leiar Hjelpemiddelsentralen, Høgne Haugsdal-kommunasjef Samfunnsutvikling, Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg, Line T.Waage-rådgjevar Plan og analyse, Ole Martin Bolset-rådgjevar Plan, Nora Gjerde-sekretær.

## Sakliste

| Saknr  | Tittel  |
|--------|---|
| 016/20 | Godkjenning av innkalling og sakliste                             |
| 017/20 | Godkjenning av møteprotokoll                                      |
| 018/20 | Detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai - 1. gongs handsaming |

- 019/20 Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel - Varsel om oppstart og framlegg til planprogram
- 020/20 Melding/orientering til RMNF 27.04.2020

### **016/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2020:**

#### **Behandling:**

Endring rekkefølge saksliste: Sak 020, 016, 017, 018, 019/20.  
Ellers ingen merknader, samrøystes.

#### **RMNF- 016/20 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

### **017/20: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2020:**

#### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møtet - 09.03.2020 vert godkjent, samrøystes.

#### **RMNF- 017/20 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møtet - 09.03.2020 er godkjent.

## 018/20: Detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai - 1. gongs handsaming

Rådmann legg fram to alternative vedtak. Det som skil desse vedtaka er om kaiområdet (o\_U) skal reknast med som uteopphaldsareal eller ikkje.

Alternativ 1 legg til grunn at kaiområdet (o\_U) ikkje skal reknast med som uteopphaldsareal knytt til bustadane.

Alternativ 2 legg til grunn at kaiområdet (o\_U) skal reknast med som uteopphaldsareal knytt til bustadane, sjølv om kaiområdet vil vere offentleg tilgjengeleg og ikkje støttar kvalitetskrava som er stilt i kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen.

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

#### Alternativ 1:

*«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:*

*Detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai, plan-id 1263 201213, vist på plankart sist datert 17.12.2018, med tilhøyrande føresegner datert 17.12.2018.*

Skal-krav som må endrast før reguleringsplanen vert sendt ut på høyring og offentleg ettersyn:

- Plankart, planomtale og føresegner må endrast til å gjelde for Alver kommune.

Skal-krav som må endrast før reguleringsplanen vert levert til 2. gongs handsaming:

- Mengd leik- og uteopphaldsareal må samsvare med krava som er stilt i kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen. Kaiområdet kan ikkje reknast med som uteopphaldsareal. Kvalitetane knytt til sjøen

kompensera for 250 m<sup>2</sup>. Planforslaget må tydeleg vise korleis uteopphaldsareal er løyst/tenkt løyst for Bs/L, Bs1, Bs2 og Bs3, i samsvar med overordna plan.

- Parkeringsløysinga må reviderast. 1 parkeringsplass per bueining for Bb1 og Bb2 må plasserast i parkeringsanlegg. 1 parkeringsplass per bueining for Bs1 må plasserast lettare tilgjengeleg, nede på kaiplan, og helst i parkeringsanlegg. Parkering for Bs/L kan løysast i underetasje, og minst 3 av 4 HC-parkeringar må leggest ved kaiplan, utan å hindre renovasjonsbil, brøytebil og brannbil sin aksjonsradius.
- Det må utarbeidast ei detaljert framstilling av o\_KV1-4, med korrekt breidde- og stigningsmål m.m., som gjer det mogleg å kunne gjere ei heilskapleg vurdering. Uttale til denne framstillinga frå Nordhordland brann og redning og NGIR må leggest ved planmaterialet.
- I føresegna punkt 4.2 står følgjande: «Der terrenget er bratt, kan gang- og sykkelvegen opparbeidast som utkraga konstruksjon.» Det må utgreiast om dette er gjennomførbart.
- Det må skildrast trafikksikringstiltak mot busshaldeplass i sørgåande retning på fylkesveg 565, kryssing av fylkesvegen må utgreiast.
- Det må utarbeidast, og leggest ved illustrasjonar/foto som i naudsynt grad skildrar den estetiske verknaden til tiltaket, og visualiserer nærverknad og fjernverknad.
- Rekkjefølgjekrava har til dels uklar ordlyd, og må tydeleggjerast i samråd med kommunen.
- Parkeringsanlegg, med boder og teknisk anlegg må inkorporerast i rekkjefølgjekrava.
- Etablering av parkering i kjellar til Bs/L må inkorporerast i rekkjefølgjekrava.
- Plankartet må rettast i samsvar med tilbakemeldinga i saksframlegget, og vidare reviderast.
- Gjennomføre ei systematisk utgreiing for naturmangfaldslova §§ 8-12, der ein mellom anna må utgreie eventuelle tiltak for å hindre spredning av parkslirekne.
- Landskapsanalyse for området må utarbeidast.»

## Alternativ 2:

*«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:*

*Detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai, plan-id 1263 201213, vist på plankart sist datert 17.12.2018, med tilhøyrande føresegner datert 17.12.2018.*

Skal-krav som må endrast før reguleringsplanen vert sendt ut på høyring og offentleg

ettersyn:

- Plankart, planomtale og føresegner må endrast til å gjelde for Alver kommune.

Skal-krav som må endrast før reguleringsplanen vert levert til 2. gongs handsaming:

- Mengd leik- og uteopphaldsareal må samsvare med krava som er stilt i kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen. Kaiområdet kan reknast med som uteopphaldsareal. Kvalitetane knytt til sjøen kompensera for 250 m<sup>2</sup>. Planforslaget må tydeleg vise korleis uteopphaldsareal er løyst/tenkt løyst for Bs/L, Bs1, Bs2 og Bs3, i samsvar med overordna plan.
- Parkeringsløysinga må reviderast. 1 parkeringsplass per bueining for Bb1 og Bb2 må plasserast i parkeringsanlegg. 1 parkeringsplass per bueining for Bs1 må plasserast lettare tilgjengeleg, nede på kaiplan, og helst i parkeringsanlegg. Parkering for Bs/L kan løysast i underetasje, og minst 3 av 4 HC-parkeringar må leggest ved kaiplan, utan å hindre renovasjonsbil, brøytebil og brannbil sin aksjonsradius.
- Det må utarbeidast ei detaljert framstilling av o\_KV1-4, med korrekt breidde- og stigningsmål m.m., som gjer det mogleg å kunne gjere ei heilskapleg vurdering. Uttale til denne framstillinga frå Nordhordland brann og redning og NGIR må leggest ved planmaterialet.
- I føresegna punkt 4.2 står følgjande: «Der terrenget er bratt, kan gang- og sykkelvegen opparbeidast som utkraga konstruksjon.» Det må utgreiast om dette er gjennomførbart.
- Det må skildrast trafikksikringstiltak mot busshaldeplass i sørgåande retning på fylkesveg 565, kryssing av fylkesvegen må utgreiast.
- Det må utarbeidast, og leggest ved illustrasjonar/foto som i naudsynt grad skildrar den estetiske verknaden til tiltaket, og visualiserer nærverknad og fjernverknad.
- Rekkjefølgjekrava har til dels uklar ordlyd, og må tydeleggjerast i samråd med kommunen.
- Parkeringsanlegg, med boder og teknisk anlegg må inkorporerast i rekkjefølgjekrava.
- Etablering av parkering i kjellar til Bs/L må inkorporerast i rekkjefølgjekrava.
- Plankartet må rettast i samsvar med tilbakemeldinga i saksframlegget, og vidare reviderast.
- Gjennomføre ei systematisk utgreiing for naturmangfaldslova §§ 8-12, der ein mellom anna må utgreie eventuelle tiltak for å hindre spredning av parkslirekne.
- Landskapsanalyse for området må utarbeidast.»



## Utval for areal, plan og miljø 11.03.2020:

### Behandling:

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

### Fellesframlegg v/Anne Grete Eide-Åp:

Som rådmannen sitt alternativ 2 minus siste kulepunkt Landskapsanalyse for området må utarbeidast (strykes)

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### APM- 036/20 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai, plan-id 1263 201213, vist på plankart sist datert 17.12.2018, med tilhøyrande føresegner datert 17.12.2018.

Skal-krav som må endrast før reguleringsplanen vert sendt ut på høyring og offentleg ettersyn:

- Plankart, planomtale og føresegner må endrast til å gjelde for Alver kommune.

Skal-krav som må endrast før reguleringsplanen vert levert til 2. gongs handsaming:

- Mengd leik- og uteopphaldsareal må samsvare med krava som er stilt i kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen. Kaiområdet kan reknast med som uteopphaldsareal. Kvalitetane knytt til sjøen kompensera for 250 m<sup>2</sup>. Planforslaget må tydeleg vise korleis uteopphaldsareal er løyst/tenkt løyst for Bs/L, Bs1, Bs2 og Bs3, i samsvar med overordna plan.
- Parkeringsløyvinga må reviderast. 1 parkeringsplass per bueining for Bb1 og Bb2 må plasserast i parkeringsanlegg. 1 parkeringsplass per bueining for Bs1 må plasserast lettare tilgjengeleg, nede på kaiplan, og helst i parkeringsanlegg. Parkering for Bs/L kan løysast i underetasje, og minst 3 av 4 HC-parkeringar må leggest ved kaiplan, utan å hindre renovasjonsbil, brøytebil og brannbil sin aksjonsradius.
- Det må utarbeidast ei detaljert framstilling av o\_KV1-4, med korrekt breidde- og stigningsmål m.m., som gjer det mogleg å kunne gjere ei heilskapleg vurdering. Uttale til denne framstillinga frå Nordhordland

brann og redning og NGIR må leggest ved planmaterialet.

- I føreseigna punkt 4.2 står følgjande: «Der terrenget er bratt, kan gang- og sykkelvegen opparbeidast som utkraga konstruksjon.» Det må utgreiast om dette er gjennomførbart.
- Det må skildrast trafiksikringstiltak mot busshaldeplass i sørgående retning på fylkesveg 565, kryssing av fylkesvegen må utgreiast.
- Det må utarbeidast, og leggest ved illustrasjonar/foto som i naudsynt grad skildrar den estetiske verknaden til tiltaket, og visualiserer nærverknad og fjernverknad.
- Rekkjefølgjekrava har til dels uklar ordlyd, og må tydeleggjerast i samråd med kommunen.
- Parkeringsanlegg, med boder og teknisk anlegg må inkorporerast i rekkjefølgjekrava.
- Etablering av parkering i kjellar til Bs/L må inkorporerast i rekkjefølgjekrava.
- Plankartet må rettast i samsvar med tilbakemeldinga i saksframlegget, og vidare reviderast.
- Gjennomføre ei systematisk utgreiing for naturmangfaldslova §§ 8-12, der ein mellom anna må utgreie eventuelle tiltak for å hindre spredning av parkslirekne.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2020:**

##### **Behandling:**

##### **Framlegg frå Svein Arne Vabø og Sølvi Knutsen:**

I dette, som i andre liknande bustadprosjekt, meiner rådet at 90% av bueiningane bør stetta alle krava til universell utforming. Kjøparar som på innflyttingstidspunktet ikkje treng særleg tilretteleggjing, kan få bruk for det seinare.

Dei bueiningane som ikkje fullt ut er universelt utforma, må likevel ha tilkomst med rullestol, rullator eller tvillingvogn. Alle bueiningane må altså ha trinn- og terskelfri tilkomst, og i det minste toalettet må vera universelt utforma. Må ein gjennom ein hovudinngang for å koma til bueiningane, må denne ha dør som enkelt kan opnast, og har elektrisk opning.

Vidare må tilgjenget til flytebryggje og båt plassar vera universelt utforma. Båt plassar må tildelast på ein måte som gjer at personar med særlege behov får dei plassane som det er enklast å koma til.

Utvendige HC-Parkeringsplassar må merkjast med synlege HC-symbol som òg er synlege ved snøfall. Dei må ha ei praktisk plassering, gjerne med høve til straumtilkopling.

HC-Parkeringsplassar med ekstra breidd må òg skiltast med at dette er reservert for store bilar med heis, dersom andre plassar er ledige.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 018/20 Vedtak:**

##### **Uttale frå RMNF - 27.04.2020:**

I dette, som i andre liknande bustadprosjekt, meiner rådet at 90% av bueiningane bør stetta alle krava til universell utforming. Kjøparar som på innflyttingstidspunktet ikkje treng særleg tilrettelegging, kan få bruk for det seinare.

Dei bueiningane som ikkje fullt ut er universelt utforma, må likevel ha tilkomst med rullestol, rullator eller tvillingvogn. Alle bueiningane må altså ha trinn- og terskelfri tilkomst, og i det minste toalettet må vera universelt utforma. Må ein gjennom ein hovudinngang for å koma til bueiningane, må denne ha dør som enkelt kan opnast, og har elektrisk opning.

Vidare må tilgjenget til flytebyggje og båtplassar vera universelt utforma. Båtplassar må tildelast på ein måte som gjer at personar med særlege behov får dei plassane som det er enklast å koma til.

Utvendige HC-Parkeringsplassar må merkjast med synlege HC-symbol som òg er synlege ved snøfall. Dei må ha ei praktisk plassering, gjerne med høve til straumtilkopling.

HC-Parkeringsplassar med ekstra breidd må òg skiltast med at dette er reservert for store bilar med heis, dersom andre plassar er ledige.

#### **Ungdomsråd 27.04.2020:**

##### **Behandling:**

Fellesframlegg: Ungdomsrådet er opptatt av at kaiområdet og båtplassar må ha lett tilkomst òg for dei som ikkje bur der. Ungdomsrådet stiller seg elles likegyldig til om det er alternativ 1 eller 2 som blir ståande, så lenge god tilkomst vert tatt omsyn til i planen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **UR- 015/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet er opptatt av at kaiområdet og båtplassar må ha lett tilkomst òg for dei som ikkje bur der. Ungdomsrådet stiller seg elles likegyldig til om det er alternativ 1 eller 2 som blir ståande, så lenge god tilkomst vert tatt omsyn til i planen.

## **019/20: Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel - Varsel om oppstart og framlegg til planprogram**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Formannskapet i Alver kommune oppstart av arbeid med kommuneplanen, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig høyring og ettersyn.

### **Alver formannskap 12.03.2020:**

#### **Behandling:**

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

#### **FO- 018/20 Vedtak:**

Saka er utsett.

### **Alver formannskap 19.03.2020:**

#### **Behandling:**

#### **Fellesframlegg ved A.Byrknes-KRF:**

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Pga koronasituasjonen vert tidsplan med medverknad til planen utsatt til hausten.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

#### **FO- 027/20 Vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Formannskapet i Alver kommune oppstart av arbeid med kommuneplanen, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig høyring og ettersyn.

Pga koronasituasjonen vert tidsplan med medverknad til planen utsatt til hausten.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2020:**

#### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 019/20 Vedtak:**

Ingen merknader.

**Ungdomsråd 27.04.2020:**

**Behandling:**

Orientering i saka ved samfunnsplanleggjar Line T. Waage.  
Ungdomsrådet tek saka til orientering, og kjem tilbake med innspel før høyringsfristen.

**UR- 016/20 Vedtak:**

Tatt til orientering

**020/20: Melding/orientering til RMNF 27.04.2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 27.04.2020:**

**Behandling:**

Følgjande orienteringar vart gjeve i fellesfora med Eldrerådet og RMNF:

1. Planlagte tiltak i høve til korona-situasjonen for ansvarsområde Helse og omsorg v/Leni Dale-kommunalsjef
1. Status vedkomande plan- og utviklingsarbeid, og konsekvenser i høve til korona-situasjonen v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling
2. Kommunedelplanen sin samfunnsdel - Varsel om oppstart og

framlegg til planprogram v/Line T. Waag-rådgjevar Plan

3. Detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai - 1.gongs handsaming v/Ole Martin Bolset-rådgjevar Plan og analyse

Orientering som vart gjeve i RMNF sitt ordinære møte:

-Hjelpemidlar og organisering av kommunens sin hjelpemiddelsentral v/Anita Bjørsvik Kvamme-leiar

(Orienteringa frå Alver kyrkjeleg fellesråd vert utsett til neste møte i RMNF - 08.juni 2020)

**RMNF- 020/20 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

**Arkiv:** FA-G  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 29.05.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg                                     | Møtedato   |
|---------|--|------------|
| 021/20  | Eldreråd                                   | 08.06.2020 |
| 023/20  | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 08.06.2020 |
|         | Utval for helse og omsorg                  |            |
|         | Alver formannskap                          |            |
|         | Alver kommunestyre                         |            |

### **Akson: Felles kommunal journal og heilskapleg samhandling**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.  
Saka skal til innstilling i Utval for helse og omsorg samt Formannskapet  
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Alle landets kommunar utanom helseregion Midt-Norge har mottatt brev frå Helse- og omsorgsdepartementet med invitasjon til å underteikne intensjonsklæring om felles kommunal journal. Tiltaket har fått namnet Akson. Frist er sett til 1. juli 2020.

Underteikning av intensjonsklæringa er eit uttrykk for kommunen si støtte til og intensjon om deltaking i det vidare arbeidet med tiltaket Akson. Signering inneber ikkje forpliktelse om kjøp eller anna økonomisk forpliktelse for kommunen. Ei underskrive intensjonsklæring er med på å trygge regjeringa på at kommunane stiller seg bak førestnadene for, og det vidare arbeidet med å realisera Akson. Føresetnaden for staten si tilrettelegging og bidrag til Akson er at kommunar som representerer minst halvparten av befolkninga skriv under intensjonsklæringa og vedtak i regjering og Stortinget.

#### **Saksopplysningar:**

Konseptet Akson skal realisera målbiletet for heilskapleg samhandling og ei felles journalløysing for kommunal helse- og omsorgsteneste. Dette inneber at helsepersonell i kommunane jobber i ei felles journalløysing som mellom anna betyr at legevakt, fastlegar, heimeteneste og helsestasjon nyttar same journalløysing og kan samhandle seg i mellom med brukarflater tilpassa deira behov. Innbyggjarane vil oppleve ei meir heilskapleg og koordinert helse- og omsorgsteneste og dei vil få ein journal på tvers av kommunale helse- og omsorgstenester. Journalen vil følgje innbyggjar dersom denne treng helsehjelp i andre kommunar som brukar den felles journalløysinga.

Målbiletet for heilskapleg samhandling inneber at nasjonale e-helseløysingar og felleskomponentar skal utvikla og gi innbyggjarar og helsepersonell i sjukehus, kommunar og fastlegar betre mulegheit til å utveksle informasjon digitalt og legge til rette for betre samhandling med andre statlege og kommunale tenester, som for eksempel NAV og barnevern.

- Akson er ein av bærebjelkane i Stortingsmeldinga én innbygger – én journal som blei lagt fram og behandla under Stoltenberg II regjeringa i 2012.
- [Melding til Stortinget nr. 9 \(2012-2013\), Én innbygger – én journal](#), skildrar måla for arbeidet med digitalisering i helsesektoren. Ambisjonane og målbiletet er oppretthalde av følgjande regjeringar med ulik politisk samansetning.
- Måla er fasthalde seinast i Meld. St. 7 (2019-2020), Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023. Hovedmåla er at helsepersonell skal ha enkel og sikker tilgang til pasient- og brukeropplysingar, innbyggjarar skal ha tilgang på enkle og sikre digitale tenester, og data skal vera tilgjengelig for kvalitetsforbetring, helseovervaking, styring og forskning.
- Det følgjer av målbiletet i styringsdokumentet for Akson at det som skal bli etablert, er ei stegvis utvikling av en open journalplattform som andre løysingar kan koble seg til.
- Plattformen skal tilretteleggje for smidig utvikling og fleksibilitet over tid. Ein felles kommunal journal vil leggje til rette for felles dialog og oppfølging av leverandørar, samt ein koordinert implementering av ny funksjonalitet og robuste sikkerheitstiltak.

Staten gjennomfører no ekstern kvalitetssikring av heile innrettinga til Akson, inklusive kostnad- og gevinstberekningar. Dette arbeidet skal være ferdigstilt ila juni månad.

Kostandene for Akson må kunna reknas heim av den enkelte kommune, og det må vera tydeleg korleis dette vil treffa kommuneøkonomien over tid. Det pågår derfor eit arbeid for å tydeleggjere kostnader og gevinster for kommunane, risikobilete/ulemper – samt forhold rundt organisering og styring som er viktig før ein kan gjere vidare vegval. Målet er at før kommunestyra i 2021 skal ta stilling til ei eventuell forplikting, og ikkje berre ein intensjon, må det vera utarbeidd eit godt avgjerdsgrunnlag på alle desse områda.

Det er i utgangspunktet lagt til grunn at kommunane på sikt skal inn i eigarskapet av selskapet Akson journal for å kunne ta løysninga i bruk. Dette er basert på prinsippet om utvida eigenregi. Det vert arbeidd med å vurdere om kommunene kan inngå som kunde utan eigarskap i verksemda.

Eit utval kommunar skal saman med KS inngå i det vidare arbeidet i 2020 med å avklara rammebetiningar og premiss for styring, organisering, finansiering og ansvarsdeling av Akson som heilskap. KS vil koordinere forankringsprosessar og runder for innspel som set kommunane i stand til å gi tilbakemeldingar på arbeidet undervegs og å ta ei endeleg stilling til avgjerd.

#### **Vedlegg i saken:**

|            |   |         |
|------------|---|---------|
| 29.04.2020 | Helhetlig samhandling og felles kommunal journal - Brev til kommuner om intensjonserklæring | 1382607 |
| 29.04.2020 | Brev til kommuner om intensjonserklæring - Akson  | 1382608 |
| 29.04.2020 | Vedlegg 1 - Intensjonserklæring Akson   | 1382609 |
| 29.04.2020 | Vedlegg 2 - Akson - Helhetlig samhandling og felles kommunal journalløsning - sammendrag    | 1382610 |



Arkiv: FA-P11  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 21.04.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg                                     | Møtedato   |
|---------|--|------------|
| 046/20  | Alver formannskap                          | 30.04.2020 |
|         | Alver formannskap                          |            |
| 019/20  | Eldreråd                                   | 08.06.2020 |
|         | Ungdomsråd                                 |            |
| 024/20  | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 08.06.2020 |
|         | Utval for helse og omsorg                  |            |
|         | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur     |            |
|         | Utval for areal, plan og miljø             |            |
|         | Utval for næringutvikling og drift         |            |
|         | Alver kommunestyre                         |            |

**Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

**Alver formannskap 30.04.2020:**

**Behandling:**

**På vegne av samarbeidspartia SP, AP, KRF og H ved a.AA.Byrknes-KRF:**

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Framlegget vart samrøystes vedteke

**FO- 046/20 Vedtak:**

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

**Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Formannskapet.

**Bakgrunn**

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO som eit biosfæreområde – eit modellområde for berekraftig utvikling.

**Vedlegg i saken:**

|            |   |         |
|------------|---|---------|
| 28.05.2020 | Høringsbrev strategi for Nordhordland UNESCO biosfæreområde       | 1397794 |
| 28.05.2020 | Strategidokument for Nordhordland UNESCO Biosfæreområde 2020-2024 | 1397793 |

## Bakgrunn

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO som eit biosfæreområde – eit modellområde for berekraftig utvikling.

## Saksopplysninger:

Då Nordhordland vart utnemnt til eit biosfæreområde var dette ei anerkjenning frå UNESCO: «denne regionen har eit framifrå grunnlag til å drive fram tiltak for berekraftig utvikling som kan bli viktige både lokalt, nasjonalt og internasjonalt».

Føremålet med strategidokumentet er å gje biosfæreområdet ein god plan for arbeidet til eit breitt engasjement for berekraftig utvikling. Dokumentet er tufta på FN sine berekraftsmål og UNESCO sine plandokument for MAB - programmet (Menneske og biosfæren). Strategien skal vere til inspirasjon og bruk for kommunane, næringsliv, lag / organisasjonar og innbyggjarane som ønskjer å slutte opp om målsettinga: Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet - til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

Det første strategidokumentet til Nordhordland UNESCO biosfæreområde er no til høyring. Dokumentet er utarbeida etter ein inviterande prosess der kommunar (politikarar og administrasjon), næringsliv, forskingsmiljø og lag / organisasjonar har engasjert seg. Meir enn 500 innspel kom det inn under prosessen. Innspela vert handsama til det endelege strategidokumentet som vert handsama i Regionrådet i juni 2020.

## Mål for biosfæreområdet

Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet -til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

## Satsingsområde og strategiar

### a) Levande lokalsamfunn

- Vere ein medspelar til lokale initiativ som aukar trivselen og attraktiviteten
- Lokalsamfunn Bidra til revitalisering av lokal kultur, tradisjonar, handverk og historie
- Leggje til rette for kunnskapsoverføring og samhandling mellomgenerasjonar
- Inspirere til, og auke kunnskapen om å leve meirberekraftig
- Bidra til styrka folkehelse gjennom å knyte saman menneske og natur

### b) Natur, miljø og klima

- Bidra til berekraftig bruk av areal på land og i sjø
- Arbeide for å gjere folk merksame på verdien av biologisk mangfald og av dei verna områda i biosfæreområdet
- Bidra til å redusere menneskeskapte klimaendringar
- Bidra til å auke matproduksjonen på lokale ressursar
- Arbeide for at kulturlandskapet vert forvalta slik at dei kulturhistoriske og landskapsmessige verdiane vert haldne i hevd
- Inspirere til å oppdage, oppleve og bli glad i naturen

### c) Kunnskap og læring

- Utvikle satsingar som vektlegg barn og unge sin medverknad, og som gjev dei kunnskap om og engasjement for lokal og global berekraftig utvikling
- Utvikle samarbeid med Universitetet i Bergen og andre forskingsinstitusjonar
- Utvikle samarbeid med både barnehagar, grunn- og vidaregåande skule

- Sikre at forskingsmiljø vert involvert i problemstillingar som er relatert til berekraftig samfunns- og næringsutvikling i regionen
- Skape forståing for kva statusen som biosfæreområdet inneber for regionen – gjennom formidling og kunnskapsheving
- Sikre at viktig kunnskap og kompetanse vert delt lokalt, nasjonalt og internasjonalt

#### d) Grøn verdiskaping

- Vere ein pådrivar for ei miljø- og klimavenleg omstilling av næringslivet i regionen
- Vere ein pådrivar for sirkulær økonomi
- Ta i bruk lokale unyttta ressursar for verdiskaping
- Bidra til å utvikle regionen som modellområde for berekraftig havbruk og landbruk
- Bidra til næringsutvikling knyta skog/skogbruk/bruk av tre
- Utvikle berekraftige lokale produkt og tenester; aktivitetar og opplevingar som

styrker attraktiviteten til Nordhordland

- Stimulere til vidareutvikling og bruk av fornybar energi
- Involvere forskarar og studentar i innovasjons- og produktutviklingsprosessar

#### e) Møteplassar og kommunikasjon

- Utvikle gode kommunikasjonsplattformer og ulike arenaer for dialog mellom forskings- og kunnskapsmiljø, kommunane, regionalt næringsliv, dei frivillige og andre samfunnsaktørar
- Sørge for at Nordhordland biosfæreområde er godt kjent og godt forankra i regionen, og at dette blir ei tydeleg merkevare lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- Etablere samarbeid med aktuelle samfunnsaktørar, næringsliv og ideelle organisasjonar
- Vere ein aktuell og aktiv samarbeidspartnar i det internasjonale UNESCO-biosfærenettverket

### **Vurdering og høyringsinnspel**

I høyringsbrevet er det etterspurt innspel til handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet er ryddig og strukturert, med tiltak knytt til strategiar som er omtala over.

I handlingsplanen er det lista opp kven som skal ha ansvar for dei ulike prosjekta. Rådmann vil peike på at det kan vere vanskeleg å få ei forståing av kva som er forventta av aktørane i prosjektet. For å skape ei felles forståing mellom dei ulike aktørane som skal bidra inn i prosjekta, bør det tydeleggjerast kva ressursbruk og framdriftsplan, som er forventta i dei ulike tiltaka i handlingsplanen.

Under er det kommentert tema som rådmann meiner bør få eit særskilt fokus. Fleire av prosjekta er i gang.

#### **a) Satsingsområde Levande lokalsamfunn**

Prosjekta som er skissert er gode og rådmann støtter opp om tema. Vi arbeider med berekraft i alt vårt planverktøy i Alver også i dag.

Vi vil særleg peike på at det er viktig med eit overordna formalisert samarbeid i forhold til berekraft i kvardagen.

- Digital møteplass, dette er eit satsingsområde i programmet, det skal byggjast ein digital møteplass for å spre kunnskap. Det er biosfære som er prosjektansvarleg for dette tiltaket. Her må samarbeidspartar synleggjerast i prosjektet. Slike digitale møteplassar bør og knytast opp mot kommunane sine kommunikasjonsplattformer. Vi bør arbeide saman og ha felles lenker til prosjekt, det kan lett bli tilfeldig med mange ulike nettstader og plattformer.

#### **b) Satsingsområde natur, miljø og klima**

Alle tiltaka er gode og vert arbeida med mykje med dei same tema i Alver.

I tiltaket «Ut i naturen» er det avgjerande at prosjektet vert i tett samarbeid med kommunane. Det pågår mykje godt arbeid i Alver med dette tema. Det er viktig at vi ikkje gjer dobbeltarbeid, eller ikkje kjenner til kvarandre sine prosjekt. Mellom anna arbeider Alver kommune med ein strategi for grøn mobilitet, der vi gjerne inviterer med biosfære i arbeidet. Vi ynskjer i samarbeid og ved bruk av statusen som UNESCO biosfære å utvikle

tiltak knytt til tema i lokalsamfunna. Dette kan vere med å styrke folkehelse gjennom nye turmål for folk.

- Alver kommune skal i samarbeid med dei andre kommunane i Nordhordland arbeide med ein interkommunal plan for sjøområda. Organiseringa av dette arbeidet er i gang. Rådmann

ser ikkje at dette prosjektet treng løftast fram som eit eksempel på ei satsing som byggjer opp under tema natur, miljø og klima. Biosfære vil vere ein samarbeidspart som andre aktørar.

- Alver kommune har mange mindre gardsbruk som det er knytt opplevingsbasert næring til, det kan vere lokalmat produksjon, gardsbutikkar, overnatting eller bruk av garden sine resursar til dømes i undervisning. Alver kommune ynskjer å legge til rette for og skape gode rammevilkår for desse gardbruka. Alver meiner desse tiltak er i samsvar med punkt under natur og miljø. Vi oppmodar UNESCO biosfære i samarbeid med kommunen, landbruket og fylkesmannen til å utvikle fellesprosjekt, der vi kan sjå på desse område i samanheng. Slik kan vi medverke til at det blir enkelt for grunneigar å forvalte kulturlandskapa, drive med sal av lokal mat og utvikle garden basert på naturen sine resursar.

### c) Kunnskap og læring

Dette er eit av det mest sentrale tema i arbeidet med å utvikle biosfæreområde i Nordhordland. Biosfære er eit vanskeleg tilgjengeleg omgrep. I tillegg er dette det første område i Norge, og vi er usikker på kva det i praksis betyr for Alver buen sin kvardag. Biosfæreprosjektet vil ha eit særskilt ansvar for å knytte forskingsmiljøet, næringslivet og kommune saman i prosjekt knytt opp mot tema i biosfæreområde.

- Prosjektet «Klimabonden» er eit praktisk retta utgreiings- og informasjonsprosjekt som fører til auka kunnskap om meir miljøvenleg matproduksjon, tilpassa eit endra klima. Dette er eit prosjekt som landbrukskontoret i Alver har vore involvert i. Det er eit viktig tema i tråd med klimaendringa og meir fokus på lokal matproduksjon. Rådmann ynskjer at det vert eit fokus på vidare arbeid med dette, og med høg grad av kunnskapsdeling om prosjektet.

- Tiltaket «Ung i biosfæreområdet UNESCO-skular. Tiltaket er godt, men dersom det skal la seg gjennomføre bør det ha ei sterkare grad av samarbeid med skular og skuleeigar. Dette bør synleggjerast under roller. Alver vil gjerne samarbeide med prosjekt retta mot barn og unge, knytt til forståing av kva biosfæreområde er, og korleis vi kan arbeide saman for ei god berekraftig utvikling. Det er og ein del av kommuneplanarbeidet vårt.

### d) Satsingsområde Grøn verdiskaping

Alver kommune har vore ein pådrivar for å sette i gang nye utviklingsprosjektet i samarbeid med næringslivet som kan bidra til grøn verdiskaping og nye arbeidsplassar i kommunen.

- Prosjekt frå avfall til ressurs er eit prosjekt Alver har vore involvert i. Vi ynskjer at dette tema med tiltak innan sekulær økonomi vert prioritert i vidare arbeidet med biosfære Nordhordland.

- Prosjektet «Smaken av Nordhordland», eit nettverk for lokalmatprodusentar med fokus på produkt, kompetanse og marknad bør halde fram. Biosfære bør ha det overordna samordningsansvar for å drive prosjekt vidare.

- Green Spot Mongstad og Grøn konkurransekraft er to større utviklingsprosjektet innanfor sirkulærøkonomi og berekraftig bruk av fornybare og ikkje-fornybare resursar i Nordhordlandsregionen.

- Biosfære har tidlegare hatt fokus på ull og ullruta, som eit berekraftig prosjekt som kan bidra til revitalisering av lokal kultur, tradisjonar, handverk og historie. Dette er prosjekt som bør halde fram både med omsyn til reiseliv og ullrute, og med nytt fokus på å ta i bruk nye innovative metodar for bruk av ull i ulik produksjon.

### e) Satsingsområde møteplassar og kommunikasjon

□ Rådmann meiner at tiltak knytt til formidling og kommunikasjon om kva biosfære område er, er i særleg viktig at UNESCO- biosfære arbeider med. Tiltak med å etablere dialogarena og møteplassar bør vidareutviklast. Det bør etablerast tverrfaglege nettverk med ein tydeleg agenda knytt mot biosfære.

□ Biosfæreområdet skal inspirere aktørar til å setje i gang eigne prosjekt som samsvarer med verdiane i biosfæreprogrammet. For å få dette til må det på plass eit formalisert samarbeid. Her bør prosjekt biosfære styrke si satsing. Det bør etablerast nettverk der folk frå ulike institusjonar og organisasjonar møtes og drøfter problemstillingar og utviklingstema knytt opp mot UNESCO sitt biosfæreprogram. Alver kommune vil gjerne delta i eit slikt nettverk og meiner det må på plass snarleg.

### **Oppsummert**

Alver kommune ser positivt på at det er utarbeida eit strategidokument for UNESCO – biosfæreområde i Nordhordland. Det er eit godt og strukturert dokument som kan gje tydeleg retning til arbeidet med biosfæreområde.

Vi meiner at strategidokumentet er med å gjere tydelegare kva eit biosfæreområde er for noko. Mykje av planverk som vert utarbeid dei næraste åra innan for biosfæreområdet kjem til å dreie seg om korleis me omsett berekraftsmåla til å gjelde oss. På same vis vil me tru at verknaden av å vere eit biosfæreområde må formast slik at det vert begripeleg, handterbart og meningsfylt for oss som bur her.

For Alver kommune kan ein godt seie at vi har leita, og framleis er søkjande, etter kva eit biosfæreområde er, korleis det kan påverke oss og kva vi kan gjere for å bruke denne statusen og verktøyet på eit nyttig vis for nærmiljø våre.

Vi ser at strategidokumentet i stor grad har oppbygning og innhald som ein del av kommunal samfunnsplan. Vi vil peike på at alle samfunnsplanar som vert utarbeidd næraste åra vil mykje vere basert på berekraftsmåla og i utgangspunktet søkje og omsette desse til lokale tilhøve. Alver kommune har sendt planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel på høyring. Mykje av dei same mål og strategiar er satsingsområda i kommuneplanarbeidet vårt. Tema strekkjer seg og over kommunegrensar og handlar om korleis vi saman skal arbeide for ei berekraftig utvikling. Dette er sentrale punkt for å skape gode lokalsamfunn, og bygge identitet som og Alver kommune arbeider med. I planprogrammet til samfunnsdelen er det særleg fokus på folkehelse. Alver ynskjer gjennom sitt planarbeidet og handlingsprogram å bidra til at vi har attraktive lokalsamfunn gjerne i samarbeid om prosjekt knytt til biosfære.

Strategidokumentet vil vere eit verktøy for samhandling i biosfæreområdet.

Satsingsområde møteplassar og kommunikasjon vil vere sentralt for biosfæreprosjektet, her er et biosfære

I handlingsprogrammet til strategidokumentet bør det tydeleggjerast enda meir kva ressursbruk og framdriftsplan som er forventa i dei ulike tiltaka. Slik vil vi får ei felles forståing mellom dei ulike aktørane som skal bidra inn i prosjekta.

Alver kommune vil understreka kor viktig det er med eit felles nettverk og samarbeid for å få gjennomført tiltak som er omtala. Skal vi lukkast med å setje Nordhordland på kartet gjennom bruk av UNESCO sitt Biosfæreprogram, må vi formalisere og konkretisere korleis vi skal arbeide saman og kven som har ansvar for dei ulike prosjekta som vert etablert.

Arkiv: FA-U60  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 07.05.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg                                     | Møtedato   |
|---------|--|------------|
| 020/20  | Eldreråd                                   | 08.06.2020 |
| 025/20  | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 08.06.2020 |
|         | Utval for helse og omsorg                  |            |
|         | Alver formannskap                          |            |
|         | Alver kommunestyre                         |            |

### Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

#### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### Bakgrunn

Alle råda fekk munnleg informasjon 3.februar 2020 om at prosessen med å utarbeide alkoholpolitisk plan for Alver for 2020-2024 var sett i gang. Det var kort gjennomgang av innhaldet i planen. Det vart vidare opplyst at dette var første informasjon og at råda ville få planen til uttale etter at den var godkjent i utval for Helse og omsorg.

#### Saksopplysninger:

Helse og omsorg gjorde i møte 10.mars 2020 sak 20/2948 dette vedtaket: Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024 vert lagt ut til offentleg høyring. Høyringsperiode er sett til 6 veker.

Fristen for innspel vert 24.april 2020.

Innan fristen var det kome inn 4 høringsinnspel:

- Alver KrF
- Stian Lavik
- Sølvi Vatnøy
- Arvid Aasgard

Alle har eitt felles punkt; at planen vert endra slik at det ikkje vert opna for sal av alkohol på julafta. I innspel frå Stian Lavik vert det peika på at det er viktig at butikkar med salsløyve for alkohol opnar så seint som råd om morgonen for alkoholsal. I tillegg innspel på at alle offentlege bygg bør vere alkoholfrie soner.

Som det går fram av planforslaget er som vart lagt ut på høyring er det opna for alkoholsal

på juleafta. Salstida for alkohol i butikkar er sett til kl 0900. Bruk av alkohol i offentlege bygg er omtalt i punkt 8 i planforslaget.

<https://www.alver.kommune.no/siteassets/innhald/plan-bygg-og-eigedom/temaplanar/alkoholpolitisk-plan/alkoholpolitisk-plan-helse-og-omsorg-utval-10.03.20.pdf>

**Vedlegg i saken:**

|            |  |         |
|------------|--|---------|
| 24.04.2020 | Endringsforslag Alkoholpolitisk plan                                 | 1377279 |
| 24.04.2020 | Merknad til alkoholpolitisk plan                                     | 1377278 |
| 24.04.2020 | ATT00001   | 1377280 |
| 21.04.2020 | Innspeil til alkoholpolitisk plan                                    | 1374806 |
| 17.04.2020 | Merknad til høringsutkast for Alkoholpolitisk plan for Alver kommune | 1374211 |
| 26.03.2020 | Forslag til endring til alkoholpolitisk plan                         | 1367334 |



**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 29.05.2020

Saksframlegg

| Saknr. | Utvalg                                     | Møtedato   |
|--------|--|------------|
| 026/20 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 08.06.2020 |

### Meldingar og orienteringar til RMNF - 08.06.2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Skriv her»

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

#### Bakgrunn

#### Saksopplysningar:

Orienteringar:

1. Slik jobbar vi med universell utforming på nett og sosiale medium – v/Silje Andvik Hoaas, kommunikasjonsleiar i Alver kommune
2. Smitteverntiltak/beredskap i koronatida – status v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg
3. Retningslinjer for feriereiser for personar med hjelpebehov – status (tidlegare utsendt til rådet) v/Helge Kvam-Fagansvarleg Helse og omsorg
4. Tilgjenge til kyrkjene i Alver og vedlikehaldsplanen rundt Alversund kyrkje v/John Fredrik Wallace, (sak utsett frå møte den 27.04.2020).